

Sygni Eikemo  
Eidavegen 256  
5993 Ostereidet

Alver kommune  
Postboks 4  
5904 Frekhaug

Ostereidet, 11.12.2020

Dykkar ref. 20/19 259 Ref 75800

### SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL - LNF-OMRÅDE

Eg søker om dispensasjon frå LNF-føremål i kommuneplanen sin arealdel for ein parsell på om lag 200 m<sup>2</sup>, for å få gjennomført arealoverføring av dette arealet frå gbnr 238/4 til gbnr 238/54. Sjå vedlagt kartskisse over parsellen, som fekk namnet «Borgi 2» under skyldskifte i 1977.

Parsellen Borgi 2 vart kjøpt og teken i bruk som ein del av min hustomt på 1980-talet. Fylkeslandbruksstyret hadde på førehand godkjent frådellinga den 10.10.1977. Men av uvisst kva grunn vart ikkje kjøpet riktig registrert ved tinglysing og i offentlege kart og register.

Tilkomstvegen opp til huset mitt går over parsellen. Parsellen har ingen verdi som landbruksareal, ettersom det er bratt, knauseite/grunnlendt og vanskeleg tilgjengeleg for hovedbruket.

Søknad om arealoverføring datert 31.10.2020 er tidlegare sendt til kommunen, i lag med gjenpart av nabovarsel om arealoverføring.

Men Alver kommune krev i brev datert 27.11.2020 at det også vert søkt om dispensasjon frå kommuneplanen. Ettersom det ikkje var kryssa av for dispensasjons-søknad i nabovarslet, må det nabovarslast på nytt. Det vert no gjort.

Helsing

Sygni Eikemo